



RÅDSMEDLEMMENE

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Dato: Torsdag 13.12.2018

Klokka 09.00 – 14.00

Stad: Kvam rådhus, Norheimsund

Agenda:

09.00 – 14.00 Sakshandsaming

14.00 – 15.30 Julemiddag, Thon Sandven Hotel

Saker til handsaming:


- HR-sak 39/18 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 46/18.
- HR-sak 40/18 Meldingar
- HR-sak 41/18 Tilskot til eigenkapital ved innmelding av nye medlemskommunar i Hardangerrådet.
- HR-sak 42/18 Selskapsavtale for utvida regionråd frå 01.01.2020
Godkjenning av revidert selskapsavtale.
Strategiplan for utvida regionråd for perioden 2020 - 2023.
Drøfting av vidare handsaming i herada/kommunane
- HR-sak 43/18 Søknad frå Visit Hardangerfjord om omdisponering av kraftlinjemidlar avsett til reiselivstiltak.
- HR-sak 44/18 Avsetnad av midlar frå kraftlinjemidlane til Hardanger ungdomsråd.
- HR-sak 45/18 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.
- HR-sak 46/18 Orienterings- og drøftingssaker

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 6. desember 2018

Hans Petter Thorbjørnsen/s
Rådsordførar

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar



Møtedato 13.12.2018	Saksansvarleg Trude Rinaldo
---------------------	-----------------------------

HR-sak 40/18 Meldingar

Melding 1 Takk for meg frå Hans Jørgen Andersen, Visit Hardangerfjord av 01.11.2018

Melding 2 Brev med tilbakemelding på spørsmål om krav til innsyn framsett av Hordaland Folkeblad, frå Fylkesmannen i Hordaland av 24.10.2018

Melding 3 Ope brev til Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Jernbaneverket: Koplinga mellom E16 og FV7 må gje størst mogleg regional effekt, frå Kvam herad av 31.10.2018

Melding 4 Vurdering til Fylkesmannen vedrørande klagesak om krav til innsyn frå dagleg leiar i Hardangerrådet til Fylkesmannen av 01.11.2018

Melding 5 Vedtak i klagesak om krav til innsyn frå Fylkesmannen, av 07.11.2018



Trude Rinaldo <trude.rinaldo@hardangerraadet.no>

Takk for meg

1 e-post

Hans Jørgen Andersen <andersen@hardangerfjord.com>

Til Hardangerrådet, ordførere og rådmenn i Hardanger

Saksbeh:	Kopi til:	
02 NOV 2018 november 2018 kl. 12:26		
Saksnr.:	Dok.nr.:	Løpenr.:
Videres. til:	Arkivkode:	U.off.S

Da har det gått ti år siden jeg startet i Reisemål Hardanger Fjord AS – nå Visit Hardangerfjord AS, og tiden har kommet for å takke for et godt og spennende samarbeid gjennom mange år. Det har vært lærerike år med en rask og omfattende utvikling på mange områder.

Andreas Skogseth overtar etter meg – dere når han på andreas@hardangerfjord.com 926 64 894.

Ny kontaktadresse for meg blir hj-ander@online.no 411 611 87 – og min status blir frilansarbeider innenfor markedsføring og reiseliv + at jeg frisker opp gamle japanskkunnskaper til ymse bruk.

Takk for meg og lykke til videre!

Hilsen Hans Jørgen

Med vennleg helsing/kind regards

Hans Jørgen Andersen

Reiselivsdirektør/manager

Visit Hardangerfjord AS

T +47 5655 3870 M +47 411 611 87 www.hardangerfjord.com



Hardanger

Follow [VisitHardangerfjord](https://www.facebook.com/VisitHardangerfjord) on facebook





Jostein Eitrheim <jostein.eitrheim@hardangerraadet.no>

Vurdering av meirinnsyn i arbeidsdokument vedr. strategiplan for Hardanger og Voss regionråd.

1 e-post

Jostein Eitrheim <jostein.eitrheim@hardangerraadet.no>

1. november 2018 kl. 10:57

Til: "Bøe, Silje Sævik" <fmhossb@fylkesmannen.no>

Vi viser til tidlegare epostkorrespondanse der Fylkesmannen etterspør ei vurdering frå Hardangerrådet vedr. om det kan gjevast heilt eller delvis meirinnsyn i møtereferat og arbeidsdokument etter offentleglova §11.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at Hardangerrådet har vurdert om det kan givast heilt eller delvis meirinnsyn i møtereferata etter offentleglova § 11.

Det går fram av offl. § 11:

«[n]år det er høve til å gjere unntak frå innsyn, skal organet likevel vurdere å gi heilt eller delvis innsyn. Organet bør gi innsyn dersom omsynet til offentleg innsyn veg tyngre enn behovet for unntak.»

Etter ordlyden til føresegna skal omsyna som taler for offentleg innsyn vegast mot behovet for å gjere unntak. Det går fram av Justis- og politidepartementet sin rettleiar til offentleglova pkt. 4.9.2 at

«Sentralt i meirinnsynsvurderinga er i kva grad dei omsyna som ligg til grunn for den aktuelle unntaksføresegna gjer seg gjeldande for det aktuelle dokumentet, og i kva grad innsyn i dokumentet vil skade dei interessene som er verna av føresegna.»

Hardangerrådet har gjort slik vurdering:

Hardangerrådet arbeider for tida med eit utkast til ny strategiplan som er tenkt som grunnlag for arbeidet i eit nytt og utvida Hardanger og Voss regionråd frå 2020. Dette strategidokumentet fram pr. d.d. ikkje som eit ferdig dokument, men som eit internt arbeidsdokument som den interne arbeidsgruppa etter avslutta arbeid vil oversenda til regionrådet for godkjenning. Dei skriftlege vurderingane knytta til utforminga av strategien er førebels nedfelt berre i arbeidsdokumentet og må såleis kunne rekanst som organinterne, jfr. offentleglova § 14. Meirinnsyn etter offentleglova § 11 er vurdert. Det vert imidlertid lagt til grunn at det er ei berettiga trong for å la dei nemnde arbeidsdokumenta/vurdeingane vera unnateke offentlegheit av omsyn til arbeidsprosessen og at dokumenta ber preg av å vera uferdige.

Strategidokumentet vil vera offentleg når det føreligg eit utkast som skal vera grunnlag for drøfting og sakshandsaming i regionrådet den 14. november.

Saksdokument skal sendast ut ei veke før møtedato, dvs, 7. november.

Referat frå arbeidsgruppa sine møte er også vurdert som organinterne dokument. Ved vurderinga av meirinnsyn i dette tilfellet legg vi til grunn behovet for fortrulegheit rundt dei strategiske diskusjonane arbeidsgruppa har hatt og dei tema som har vore drøfta og som er teke med i referata veg tyngre enn behovet for innsyn.

Med fruktbar helsing frå Hardangerrådet iks

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar

Tlf 53671450/47669524
post@hardangerraadet.no
www.hardanger.com





Hardangerrådet Iks
Postboks 78
5782 KINSARVIK

Vår ref.
16/182-115/N - 009/JOLJ

Dykkar ref.

Dato:
31.10.2018

Koplinga mellom E16 og FV7 må gje størst mogleg regional effekt

Ope brev til Statens Vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Jernbaneverket:
Koplinga mellom E16 og FV7 må gje størst mogleg regional effekt

I K5-alternativet for ny E16 og Vossebanen er det tilrådd ein veg og ein bane som er kopla saman med fylkesveg 7 på Trengereid. Denne samankoplingsløysinga har utfordringar knytt til topografi, og vil vera ei dårleg løysing for kommunane og køyrande langs Fv7. Å flytta trafikknutepunktet til Hisdalen i Samnanger vil gje betydeleg større samla regional effekt for Hordaland.

Strekkja Voss – Bergen har naturleg nok vore hovudfokus i arbeidet med ny E16 og Vossebanen, med mål om ny og trafikksikker veg, og om bane til Vaksdal og Voss. K5-alternativet vil også gje stor regional utvikling for kommunane langs E16. Det same vil ikkje vera tilfelle langs Fv7. I K5-alternativet er det tilrådd ein veg- og banekorridor som går gjennom Trengereid, der togstasjonen skal leggjast ned. Reisande som kjem frå Fv7 må difor køyra til Arna for å finna parkering, dersom dei skal ta toget til Voss eller til Bergen sentrum.

På strekkja Arna – Trengereid er det planlagt firefeltsveg, medan det for resten av strekninga Trengereid-Voss er planlagt tofeltsveg. Dette fortel noko om storleiken på trafikken som kjem inn på E16 frå Fv7.

Ved å justera korridoren Arna – Vaksdal frå å gå over Trengereid til å gå over Hisdalen i Samnanger, vil prosjektet få ein positiv regional effekt for ein større del av Hordaland. Reisetida med tog frå Bergen til Voss vil auka minimalt samanlikna med K5-alternativet. Reisetida frå Norheimsund til Voss eller Bergen kan på si side bortimot halverast på denne måten, noko som vil kunne bety ei reisetid ned mot 40 – 50 minutt. Hisdal ligg også om lag 25 meter lågare over havet enn krysspunktet ved Trengereid, noko som vil innebera gunstigare energibruk for både bil, buss og tog.

Eit nytt og moderne trafikknutepunkt i Hisdal, også med jernbanestasjon, vil føra til at ein stor del av dei reisande frå vår region vil få høve til å bruke tog framfor bil på reiser. Frå Hisdalen kan dei då ta tog til Bergen, Voss og Oslo. Å få fleire til å nytta kollektivt frå vår region, vil vera eit viktig bidrag til målet om nullvekst i biltrafikken inn mot Bergen sentrum. Samstundes vil det knyta nye Bjørnafjord kommune, Samnanger kommune, samt Kvam herad og andre delar av Hardanger tettare saman med Bergen – Voss som bu- og arbeidsmarknadsregion. Ein korridor gjennom Hisdal vil vidare gje ein positiv effekt for responstidene til uttrykingskøyretøy, og vil gje auka beredskap i vår region. Eit slikt trafikknutepunkt vil også auka Gullbotn sin attraktivitet som fritidsområde, og gje betre vilkår for mjuke trafikantar i dette området.

Underteikna vil også peika på at Hisdal har betre plass til eit moderne trafikknutepunkt enn det Trengereid har. Samstundes er det fullt mogleg å ivareta både eksisterande busetnad og dyrka jord, og å finna framtidssretta, skånsame og berekraftige løysingar her.

Det er viktig at byggestart på ny E16 og ny vossebane kjem i gang så tidleg som mogleg. Enno er me likevel i ei tidleg planfase, og det er viktig å nytta tida til å sikra at ein får størst mogleg regional effekt, og til at ein finn ei så god løysing som mogleg, også for Fv7. Hisdalen-alternativet bør utgreiast så snart som mogleg i det vidare planarbeidet. Me vågar å hevda at dette vil vera ei robust og framtidssretta løysing. Grip sjansen – det er framleis tid!

Ordfører i Kvam
Jostein Ljones

Ordfører i Samnanger
Knut Harald Frøland

Helsing

Jostein Ljones

Ordfører

Telefon: 56553011

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakarliste:

Bane Nord prosjeketgruppe

E16

Bergen kommune v/ Richard Taule	Postboks 7700	5020	BERGEN
Fusa kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Hardangerrådet Iks	Postboks 78	5782	KINSARVIK
Hordaland fylkeskommune	Pb 7900	5020	BERGEN
Samferdselsavdelinga			
Jondal kommune	Kommunehuset	5627	JONDAL
Odda kommune	Opheimsgt 31	5750	ODDA
Os kommune	Postb. 84	5202	OS
Samnanger kommune	.	5650	TYSSE
Statens vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER
Voss kommune	Postboks 145	5700	VOSS



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Silje Sævik Bøe, 5557 2366

Vår dato
24.10.2018
Dykkar dato
20.09.2018

Vår referanse
2018/11773 326.1
Dykkar referanse

HARDANGERRÅDET IKS
Postboks 78
5782 KINSARVIK

Ber om tilbakemelding - innsyn i dokumenter - Hardangerrådet - strategidokument - Hardanger Folkeblad

Fylkesmannen viser til oversending frå Hardangerrådet mottatt her 20.09.2018.

Hardangerrådet har avslått krav om innsyn i strategidokument for Hardanger og Voss regionråd frå 2020 og i referat frå alle møter til arbeidsgruppa som arbeider med nytt strategidokument, med heimel i offentleglova (offl.) § 14.

I telefonsamtale med dagleg leiar Jostein Eitrheim i Hardangerrådet 16.10.2018 blei det opplyst at møtet i Hardangerrådet 18. oktober er utsett til 14. november, og at arbeidsgruppa ikkje har avslutta arbeidet sitt.

Det går fram av offl. § 11 at

«Når det er høve til å gjere unntak frå innsyn, skal organet likevel vurdere å gi heilt eller delvis innsyn. Organet bør gi innsyn dersom omsynet til offentleg innsyn veg tyngre enn behovet for unntak.»

Fylkesmannen kan ikkje sjå at Hardangerrådet har vurdert om det føreligg grunnlag for meirinnsyn etter offl. § 11 i denne saka. Vi ber av den grunn Hardangerrådet vurdere meirinnsyn, og gi ei tilbakemelding til Fylkesmannen so snart som mogleg og innan ei veke etter at dette brevet er motteke.

Vi ber om at Hardangerrådet samstundes med tilbakemeldinga sender over dei aktuelle dokumenta som er unnatekne frå innsyn, slik at saka blir tilstrekkeleg opplyst for Fylkesmannen si klagehandsaming, jf. forvaltningslova § 33.

Fylkesmannen gjer elles merksam på at vi ikkje er klageinstans i spørsmål om møteoffentlegheit, sidan dette ikkje er regulert av offentleglova. Kommuneloven gjeld ikkje for verksemd etablert med heimel i lov om interkommunale selskaper¹. Vi finn dermed at det er utanfor vårt myndeområde å gjere ei lovlegheitskontroll av om selskapet har følgd reglane om møteoffentlegheit i koml. § 31, jf. koml. § 59.

¹ Sjå Engelsrud, Jahren og Sletnes *Kommunalrett Oppgaver, organisering og kontroll*. Oslo, 2014 s. 267.

Med helsing

Anne Kjersti Sande
seksjonsleiar

Silje Sævik Bø
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
HORDALAND FOLKEBLAD AS Postboks 94 5601 NORHEIMSUND



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Silje Sævik Bøe, 5557 2366

Vår dato
07.11.2018
Dykkar dato
20.09.2018

Vår referanse
2018/11773 326.1
Dykkar referanse

Hardangerrådet

Klage - innsyn i dokumenter - Hardangerrådet - strategidokument – møtereferat - Hardanger Folkeblad

Fylkesmannen viser til oversending frå Hardangerrådet mottatt her 20.09.2018.

Vedtak

Fylkesmannen stadfester Hardangerrådet sitt avslag på innsyn i utkast til nytt strategidokument for Hardanger og Voss regionråd frå 2020.

Fylkesmannen omgjer delvis Hardangerrådet sitt avlag på innsyn i referat frå møta til arbeidsgruppa som arbeider med nytt strategidokument. Det må givast innsyn i følgjande:

- i referatet frå møtet datert 22.08.2018: avsnitt 1-4 og 6-7.
- i referatet frå møtet datert 06.09.2018: avsnitt 1-4.

Bakgrunnen for saka

Hordaland Folkeblad v/ redaktør Sigbjørn Linga har bedt om innsyn i strategidokument for Hardanger og Voss regionråd frå 2020, samt innsyn i innkallingar til og referat frå alle møte i gruppa som arbeidar med nytt strategidokument for Hardangerrådet. Hordaland Folkeblad har fått innsyn i innkallingane til møta. Hardangerrådet ga i e-post av 19.09.2018 avslag på krav om innsyn i utkast til strategidokumentet og møtereferata.

Avslaget blei påklaga av Hordaland Folkeblad (heretter klagar) ved e-post av 19.09.2018 og 20.09.2018. Det blir vist til at sakshandsaming i politiske organ utpeika av Hardangerrådet ikkje kan haldast unna ålmenta med heimel i § 14. Vidare seier klagar at møta til arbeidsgruppa ikkje kan haldast lukka etter kommunelova. Strategiplan og selskapsavtale er noko av det viktigaste og mest grunnleggande rådet kan arbeide med, og har stor offentleg interesse. Vi viser elles til klaga i si heilskap.

Hardangerrådet tok stilling til klaga i e-post av 20.09.2018. Klaga er ikkje tatt til følge, og saka er sendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Fylkesmannen tok kontakt med Hardangerrådet pr. telefon den 16.10.2018 for å få tilsendt dokumenta som det er bedt om innsyn i. Hardangerrådet opplyste at møtet i Hardangerrådet 18.oktober er utsett til 14. november, og at arbeidsgruppa ikkje har avslutta arbeidet sitt. Hardangerrådet har ikkje gitt klagar innsyn i strategidokumentet og møtereferata.

I brevet vårt av 24.10.2018 bad vi om at Hardangerrådet vurderer om det ligg føre grunnlag for meirinnsyn etter offentleglova (offl.) § 11. Vi bad igjen om å få tilsendt dokumenta som er bedt om innsyn i, slik at saka blir tilstrekkeleg opplyst for Fylkesmannen si klagehandsaming, jf. forvaltningslova (fvl.) § 33.

Fylkesmannen mottok dokumenta den 29.10.2018, og fekk Hardangerrådet si tilbakemelding om meirinnsyn i e-post av 29.10.2018 og 01.11.2018. Vi har berre mottatt referat frå to møte til arbeidsgruppa. Dersom det finst fleire møtereferat, ber vi om at Hardangerrådet tar stilling til om det kan givast innsyn i desse.

Når det gjeld bakgrunnen for saka elles, viser vi til saksdokumenta som vi legg til grunn at partane er kjende med. Fylkesmannen finn at saka er tilstrekkeleg opplyst, jf. forvaltningslova (fvl.) § 17.

Den lange sakshandsamingstida vår skuldast sjukdom.

Fylkesmannen si vurdering

Forvaltningslova gjeld for Fylkesmannen si handsaming av saka. Fylkesmannen kan prøve alle sider av vedtaket som er påklaga, og ta omsyn til nye omstende, jf. fvl. § 34. Etter fvl. § 34 kan klageinstansen sjølv treffe nytt vedtak i saka eller oppheve underinstansen sitt vedtak og sende saka tilbake for ny eller delvis ny handsaming.

Offentleglova gjeld for Hardangerrådet, sjå offl. § 2 bokstav c.

Det følgjer av offl. § 3 at Hardangerrådet sine saksdokument er offentlege, med mindre anna følgjer av lov eller forskrift med heimel i lov.

Strategidokumentet

Det går fram av offl. § 4 andre ledd:

«Saksdokument for organet er dokument som er komne inn til eller lagde fram for eit organ, eller som organet sjølv har oppretta, og som gjeld ansvarsområdet eller verksemda til organet. Eit dokument er oppretta når det er sendt ut av organet. Dersom dette ikkje skjer, skal dokumentet reknast som oppretta når det er ferdigstilt.»

Eit dokument må reknast som ferdigstilt og dermed som saksdokument for organet når det ikkje lenger er aktuelt å gjere endringar eller tilføyningar, sjå førearbeida til offentleglova¹.

Det er opplyst at det førebels berre finst versjonar av strategidokumentet som vil bli endra fram til arbeidsgruppa har avslutta arbeidet sitt. Undervegs i denne prosessen får strategidokumentet endra ordlyd, tekst blir fjerna og ny tekst blir lagt til. Slik Fylkesmannen ser det, kan strategidokumentet som følgje av dette ikkje reknast som «ferdigstilt», og er dermed ikkje eit saksdokument for organet som ein kan krevje innsyn i, jf. offl. §§ 3 og 4 andre ledd.

Det kan dermed givast avslag på krav om innsyn i utkast til strategidokumentet, jf. § 3.

Møtereferata

Hardangerrådet har gitt avslag på innsyn i møtereferata med tilvising til offl. § 14.

¹ Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) s. 120.

Det går fram av offl. § 14 første ledd:

«[E]it organ kan gjere unntak frå innsyn for dokument som organet har utarbeidd for si eiga interne saksførebuing.»

Unntaket i offl. § 14 første ledd omfattar til dømes framlegg, utkast, konsept, skisser, utgreiingar og liknande arbeidsdokument som blir utarbeidd undervegs i prosessen med organet si interne saksførebuing. Når det gjeld sjølvstendige rettssubjekt, kan informasjon utarbeidd til intern bruk gå fram av styreprotokollar og tilsvarande dokument, sjå Justis- og politidepartementet sin rettleiar til offentleglova pkt. 7.2.4. For at dokumentet kan unntakast etter offl. § 14 første ledd må det vere internt. Det inneber at det som hovudregel ikkje kan vere sendt ut av organet, sjå rettleiaren pkt. 7.2.5.

Fylkesmannen finn at arbeidsgruppa som er oppnemnt av Hardangerrådet til å arbeide med nytt strategidokument kan reknast som ein del av Hardangerrådet.

Møtereferata inneheld tema og vurderingar knytte til strategidokumentet som er under utarbeiding, og er ikkje sende ut av organet. Slik Fylkesmannen ser det, kan møtereferata reknast å vere utarbeidde til Hardangerrådet si interne saksførebuing, jf. offl. § 14 første ledd. Det er dermed høve til å unnta møtereferata frå innsyn, jf. offl. § 14 første ledd.

Meirinnsyn

Offentleglova § 11 lyder:

«Når det er høve til å gjere unntak frå innsyn, skal organet likevel vurdere å gi heilt eller delvis innsyn. Organet bør gi innsyn dersom omsynet til offentleg innsyn veg tyngre enn behovet for unntak.»

Det går fram av rettleiaren til offentleglova pkt. 4.9.2 at

«Sentralt i meirinnsynsvurderinga er i kva grad dei omsyn som ligg til grunn for den aktuelle unntaksføresegna gjer seg gjeldande for det aktuelle dokumentet, og i kva grad innsyn i dokumentet vil skade dei interessene som er verna av føresegna.»

I rettleiaren pkt. 7.5 står det at for kjernen av dokument som er omfatta av unntaket i offentleglova § 14 første ledd, som mellom anna råd og vurderingar, i vid tyding, av kva avgjerd organet bør treffe eller kva handlemåte mv. det bør velje i ei sak, bør det ikkje utøvast meirinnsyn. Det kan etter omstenda stille seg annleis for dokument som ligg i randsona av dette unntaket, som til dømes dokument som berre inneheld generelle premisser som er allment kjende eller tilgjengelege. Tidsmomentet vil også ha noko å seie ved vurderinga av om det bør utøvast meirinnsyn, der behovet for unntak frå innsyn generelt vil vere større før ei sak er avslutta enn etter at ho er avslutta. Dersom unntaksføresegna er gitt for å verne bestemte prosessar eller sikre fortrulege diskusjonar, vil det vere større grunn til å gi innsyn i dei delane av dokumentet som inneheld faktiske opplysningar enn i skjønsvurderingar, sjå rettleiaren pkt. 4.9.2.

Fylkesmannen finn at omsynet bak unntaket for innsyn etter offl. § 14 første ledd om å verne om interne avgjerdsprosessar i forvaltninga gjer seg gjeldande for dei delane av møtereferata som inneheld tema og vurderingar knytte til innhaldet til strategidokumentet. Arbeidet med nytt strategidokument for Hardangerrådet er ei sak av stor allmenn interesse. Likevel finn vi

at behovet for fortrulegheit rundt dei strategiske diskusjonane arbeidsgruppa har hatt og dei tema som har vore drøfta veg tyngre enn behovet for innsyn. Vi viser også til at det er opplyst at strategidokumentet vil vere offentleg når det føreligg eit utkast som skal vere grunnlag for drøfting og sakshandsaming i regionrådet den 14. november, og at saksdokumenta skal sendast ut 7. november, ei veke før møtedato. Vi finn etter dette at dei interessene som er verna i offl. § 14 gjer seg gjeldande i større grad enn omsyna til offentlegheita. Det kan difor ikkje givast meirinnsyn etter § 11 i alle møtereferata.

Fylkesmannen finn likevel at det ikkje er grunnlag for å nekte meirinnsyn i dei delar av møte-referata som gjeld faktiske opplysningar, som klagar også allereie har fått kjennskap til. Slik Fylkesmannen ser det, må det etter dette givast meirinnsyn i følgjande opplysningar:

- i referat frå møtet datert 22.08.2018: avsnitt 1-4 og 6-7.
- i referat frå møtet datert 06.09.2018: avsnitt 1-4.

Etter dette omgjer Fylkesmannen delvis Hardangerrådet sitt vedtak om å nekte innsyn i møte-referata.

Når det gjeld klagar sitt utsegn om møteoffentlegheit, viser vi til brevet vårt av 24.10.2018.

Fylkesmannens vedtak på side éin er endeleg, og kan ikkje påklagast vidare, jf. fvl. § 28 tredje ledd.

Fylkesmannen vil avslutningsvis minne om høvet til å krevje dekning for sakskostnader etter fvl. § 36. Krav på dekning av sakskostnader må sendast Fylkesmannen innan tre veker.


Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Anne Kjersti Sande
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
HORDALAND FOLKEBLAD AS Postboks 94 5601 NORHEIMSUND



Møtedato 13.12.2018

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 41/18 Tilskot til eigenkapital ved innmelding av nye medlemskommunar i Hardangerrådet.

Saksvedlegg:

Saksutgreiing og vedtak i HR-styresak 19/18 Tilskot til eigenkapital ved innmelding av nye medlemskommunar i Hardangerrådet.

Saksutgreiing:

I Hardangerrådsmøtet 14.11. vart det lagt fram som melding eit notat frå styret i Hardangerrådet:

Vurdering av spørsmål om innskot i eigenkapital for nye medlemskommunar i eit utvida regionråd.

Notatet vart drøfta, men styret fekk i oppdrag frå rådet å leggja fram innstilling i denne saka til neste regionrådsmøte.

Styret har drøfta denne saka i 2 styremøter, ekstraordinært styremøte 22.11.2018 og styremøte 06.12.2018.

Styret har i arbeidet med saka fått innspel frå både revisor og rekneskapsførar. I styremøtet 06.12. deltok revisor og rekneskapsførar på telefon.

Som det går fram av saksutgreiinga til styret er netto pensjonsforpliktingar til KLP ikkje tekne med i balansen i rekneskapen. Dette er i samsvar med rekneskapslova, men om dette vert lagt inn i balansen vil selskapet ha ein negativ eigenkapital.

Framlegg til vedtak:

Styret tilrår slik innstilling til Hardangerrådet:

Pkt 1.

Hardangerrådet vedtek at nye medlemskommunar ved innmelding betaler eit tilskot til styrking av eigenkapitalen i selskapet.

Tilskotet vert berekna slik: Ny medlemskommune betaler tilskot i samsvar med eigardelen i selskapet. Beløpet tek utgangspunkt i eigenkapitalbeløpet som vart innbetalt ved stiftinga av selskapet i 1989 der 1% eigardel tilsvarar kr 1.000 i innskot. Justert etter konsumprisindeksen (kpi) vert dette kr 1.835 i 2018-verdi.

Dette gjev slikt innskot for Voss herad med 37% eigardel: $kr\ 1835 \times 37 = kr\ 67.895$.

Til frådrag på dette beløpet kjem Granvin herad sitt allereie innbetalte tilskot på 8%-eigardel som utgjer kr 14.680 i 2018-verdi.

Pkt 2.

Hardangerrådet vedtek slikt nytt kapittel 5 i selskapsavtalen:

KAPITTEL 5

INNMELDING/UTMELDING/OPPLØYSING

§18 Innmelding

Innmelding av nye kommunar i Hardangerrådet iks skal godkjennast av rådet og vedtakast med minst $\frac{2}{3}$ fleirtal.

Ved innmelding av nye kommunar i Hardangerrådet iks skal den nye medlemskommunen ved innmeldinga betala eit tilskot til eigenkapitalen. Tilskotet skal vera i samsvar med eigar- og ansvarsdelen i selskapet. Kvar %-eigardel utløyser innbetaling på kr 1.000 i 1989-verdi. Beløpet skal justerast til noverdi i samsvar med konsumprisindeksen (kpi).

Selskapet sin revisor fastset eigenkapitalen på grunnlag av det siste rekneskapet, justert fram til tidspunktet for deltaking i selskapet.

§ 19 Utmelding

Den einskilde deltakarkommune kan med eit års skriftleg varsel seia opp sitt deltakartilhøve i Hardangerrådet iks i tråd med Lov IKS § 30.

Oppseiingsfristen på eit år gjeld frå 31.12. det året oppseiinga finn stad. Kommunar som melder seg ut, har plikt til å betala deltakartilskot inntil utmeldinga er effektiv.

Utmeldt kommune heftar for framtidige pensjonsforpliktingar i samsvar med eigar- og ansvarsdel i selskapet.

§ 20 Oppløysing

Hardangerrådet iks kan oppløysast når deltakarkommunane er samde om det, jf Lov om IKS §32 og det er gjort vedtak i alle deltakarkommunane. Oppløysing skal handsamast i representantskapet. Møte i representantskapet må kallast saman med ein frist på 12 månader og $\frac{2}{3}$ av medlemmane må vera til stades. Styret i selskapet er avviklingsstyre i oppløysingsåret. Kommunane heftar for framtidige pensjonsforpliktingar i samsvar med eigar- og ansvarsdel i selskapet.

Oppløysing av Hardangerrådet iks må godkjennast av departementet.



Møtedato 06.12.2018	Saksansvarleg: Jostein Eitrheim
---------------------	---------------------------------

HR- Styresak 19/18 Tilskot til eigenkapital ved innmelding av nye medlemskommunar i Hardangerrådet.

Saksvedlegg:

Berekning frå KLP vedr. pensjonsforpliktelse for Hardangerrådet iks

Saksutgreiing:

Hardangerrådet iks vil frå 2020 få ei endring i kva kommunar som er medlemmer i rådet. 4 av dagens 7 medlemskommunar vil opphøyra i dagens form frå 31.12.2019. Det krev at drifta i Hardangerrådet ikkje kan vidareføra dagens selskapsavtale frå 01.01.2020.

Vedtak i Hardangerrådet 14.11.2018 vedr. ny selskapsavtale og strategidokument stadfester at ein arbeider for at rådet frå 01.01.2020 skal bestå av Eidfjord kommune, Kvam herad, Ullensvang kommune, Ulvik herad og Voss herad.

Dette vil innebera at folketalet i det nye regionsamarbeidet aukar frå omlag 22.700 innbyggjarar til omlag 37.300. Ein auke på 14.600 innbyggjarar eller 64%.

Hardangerrådet iks har gjennom ei årrekke bygd opp den bokførte eigenkapitalen i selskapet gjennom årlege driftsoverskot. Pr. 31.12.2017 var bokført eigenkapital kr 2.771.968. Dette utgjer kr 121,96 pr. innbyggjar.

Rekneskapslova set ikkje krav om at små føretak, som Hardangerrådet iks er rekna som, skal føra netto pensjonsforpliktelse i balansen. Frå KLP har vi motteke berekning pr. 31.12.2018 som viser at selskapet har ein netto pensjonsforpliktelse inkl. arbeidsgjevaravgift på kr 3.929.981. Oversyn frå KLP ligg vedlagt.

Målt mot den bokførte eigenkapitalen på kr 2.771.968 gjev dette Hardangerrådet iks ein negativ eigenkapital på 1.158.013

Styret har drøfta moglege modellar for tilskot til eigenkapital ved innmelding av nye medlemskommunar i Hardangerrådet.

Bakgrunnen for dette er at styret ser det som særskilt viktig at den økonomiske buffer for selskapet ikkje vert svekka ved innmelding av nye medlemskommunar.

Med bakgrunn i drøftingar i styremøte 22.11.2018 ser ein føre seg fire moglege modellar for berekning av slikt innmeldingstilskot:



1. Tilskot basert på prinsipp om “likeverdige partar”.

Jfr §1 siste ledd.

Den opparbeidde bokførte egenkapitalen i selskapet utgjør ved siste årsskifte kr 395.995 pr medlemskommune. Justert for endringa i tal på medlemskommunar frå 7 til 5 vil egenkapital pr. medlemskommune verta kr 554.394.

2. Tilskot basert på innbyggjartal.

Den bokførte egenkapitalen i Hardangerrådet iks utgjør idag kr 121,96 pr. innbyggjar. Om ein legg dette til grunn ift. tilskot for nye medlemskommunar frå 2020 vil innbyggjartalet for Voss kommune (dagens Granvin herad er med i innbyggjartalet for noverande Hardangerrådskommunar) bety eit tilskot til egenkapital på 1.777.850.

3. Skjønsberekna tilskot.

Styret ser det som naturleg å vurdere eit tilskot som ligg mellom nivåa som ligg i modell 1 og modell 2. Eit skjønsberekna tilskot vil vera forankra i prinsippet om den bokførte egenkapitalen ikkje skal verta svekka ved ei utviding av regionrådet. Styret ser det som naturleg at ny medlemskommune ved innmelding yt eit tilskot på kr 800.000 til styrking av egenkapitalen.

4. Tilskot til egenkapitalen basert på prinsippa som vart nytta ved etableringa av selskapet.

Hardangerrådet har sidan etableringa i 1989 ikkje hatt endringar i talet på medlemskommunar. Ved stiftinga 1989 hadde selskapet ein innskotskapital på kr 100.000. Denne var innbetalt frå medlemskommunane i samsvar med “Hardangerrådsnøkkelen” som vert nytta ift. m.a. kontingentfordelinga.

Auken i egenkapital fram til idag har skjedd ved at årlege driftsoverskot har vorte tilført egenkapitalen.

I årsrekneskapa som er vedtekne i årsmøte er dette omtala slik i note til rekneskapan:

Note 3 - Annen innskutt egenkapital

Hardangerrådet IKS er et interkommunalt selskap med delt ansvar. Den enkelte deltaker hefter for selskapets samlede forpliktelser med sin ansvarsandel. Deltakerenes innskudd er i tråd med selskapsavtalen. Deltakerene plikter ikke å skyte inn ytterligere egenkapital.

Deltaker	Annen innskutt	Ansvarsandel egenkapital
Eidfjord kommune	10 000	10%
Granvin herad	8 000	8%
Jondal kommune	8 000	8%
Kvam herad	26 000	26%
Odda kommune	26 000	26%
Ullensvang herad	14 000	14%
<u>Ulvik herad</u>	<u>8 000</u>	<u>8%</u>
<u>Sum</u>	<u>100 000</u>	<u>100%</u>

Ved innmelding av nye medlemskommunar vil også kontingentnivået auka. Gjennom auka inntekter vil det verta rom for auka aktivitet i selskapet, men gjennom god



økonomistyring vil eit auka driftsnivå gje mogelegheit for å styra mot driftsoverskot og dermed styrking av den bokførte eigenkapitalen.

Gjennom den nye selskapsavtalen er medlemskommunane gjort ansvarlege for framtidige pensjonsytingar i samsvar med eigardelen i selskapet. For Voss herad vil dette bety at ein heftar for 37% av netto pensjonsytingar. Dette utgjer ein betydeleg sum og bør sjåast i samanheng med eit mogeleg innskot ved innmelding.

Eit tilskot på lik linje med prinsippa som vart nytta ved etableringa av selskapet vil difor kunne forsvarast sett i samanheng med den forplikting kommunen overtar ift andel av dei framtidige pensjonsforpliktelsane.

Framlegg til vedtak:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår at nye medlemskommunar i selskapet ved innmelding betaler eit tilskot til styrking av eigenkapitalen i selskapet. Dette tilskotet skal vera basert på beløpet som Kvam herad og Odda kommune betalte ved etableringa av selskapet i 1989. Dette var kr 26.000 Justert etter kpi vert dette kr 48.000
Saka vert lagt fram for representantskapet for endeleg avgjerd.



Hardangerrådet



Hardanger

STYREMØTEPROTOKOLL
Styremøte i Hardangerrådet iks
Hardangerrådet Kinsarvik, møterom
Den 06.12.2018 klokka 11.00-14.30

Tilstades:

Styreleiar Toralv Mikkelsen
Nestleiar Astrid Dale Vindal
Styremedlem John Skogseth

Forfall:

Rådsordførar Hans Petter Thorbjørnsen
(Rådsvaraordførar Jostein Ljones kunne heller ikkje møta)

Elles møtte:

Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste og møtet vart lovleg sett.
Alle saker er samrøystes om ikkje anna er nemnt i protokollen.

Sakliste:

HR-Styresak 19/18

Tilskot til eigenkapital ved innmelding av nye medlemskommunar i Hardangerrådet.

Framlegg til vedtak:

Styret i Hardangerrådet iks tilrår at nye medlemskommunar i selskapet ved innmelding betaler eit tilskot til styrking av eigenkapitalen i selskapet. Dette tilskotet skal vera basert på beløpet som Kvam herad og Odda kommune betalte ved etableringa av selskapet i 1989. Dette var kr 26.000 Justert etter kpi vert dette kr 48.000
Saka vert lagt fram for representantskapet for endeleg avgjerd.

Drøfting i møtet:

Styret drøfta pensjonsforpliktingar og oversikt frå KLP som syner at Hardangerrådet har ein udekka netto pensjonsforplikting på kr 3.929.981.

Styret drøfta dei ulike alternativa til tilskot som er gjort greie for i saksutgreiinga.

Styret vil tilrår at selskapsavtalen vert redigert under kapittel 5 slik at dette kapittel får overskrifta INNMELDING/UTMELDING/OPPLØYSING. Under dette kapittel må det vera 3 paragrafar som omtalar desse tre tema i overskrifta.

Pkt. 2 i vedtak må omhandla ny paragraf i selskapsavtalen vedr. innmelding av nye medlemskommunar i selskapet.

Vedtak:

Styret tilrår slik innstilling til Hardangerrådet:

Pkt 1.

Hardangerrådet vedtek at nye medlemskommunar ved innmelding betaler eit tilskot til styrking av eigenkapitalen i selskapet.

Tilskotet vert berekna slik: Ny medlemskommune betaler tilskot i samsvar med eigardelen i selskapet. Beløpet tek utgangspunkt i eigenkapitalbeløpet som vart innbetalt ved stiftinga av selskapet i 1989 der 1% eigardel tilsvara kr 1.000 i innskot. Justert etter konsumprisindeksen (kpi) vert dette kr 1.835 i 2018-verdi.

Dette gjev slikt innskot for Voss herad med 37% eigardel: $kr\ 1835 \times 37 = kr\ 67.895$.
Til frådrag på dette beløpet kjem Granvin herad sitt allereie innbetalte tilskot på 8%-eigardel som utgjer kr 14.680 i 2018-verdi.

Pkt 2.

Hardangerrådet vedtek slikt nytt kapittel 5 i selskapsavtalen:

KAPITTEL 5

INNMELDING/UTMELDING/OPPLØYSING

§18 Innmelding

Innmelding av nye kommunar i Hardangerrådet iks skal godkjennast av rådet og vedtakast med minst $\frac{2}{3}$ fleirtal.

Ved innmelding av nye kommunar i Hardangerrådet iks skal den nye medlemskommunen ved innmeldinga betala eit tilskot til eigenkapitalen. Tilskotet skal vera i samsvar med eigar- og ansvarsdelen i selskapet. Kvar %-eigardel utløyser innbetaling på kr 1.000 i 1989-verdi. Beløpet skal justerast til noverdi i samsvar med konsumprisindeksen (kpi).

Selskapet sin revisor fastset eigenkapitalen på grunnlag av det siste rekneskapet, justert fram til tidspunktet for deltaking i selskapet.

§ 19 Utmelding

Den einskilde deltakarkommune kan med eit års skriftleg varsel seia opp sitt deltakartilhøve i Hardangerrådet iks i tråd med Lov IKS § 30.

Oppseiingsfristen på eit år gjeld frå 31.12. det året oppseiinga finn stad. Kommunar som melder seg ut, har plikt til å betala deltakartilskot inntil utmeldinga er effektiv.

Utmeldt kommune heftar for framtidige pensjonsforpliktingar i samsvar med eigar- og ansvarsdel i selskapet.

§ 20 Oppløysing

Hardangerrådet iks kan oppløysast når deltakarkommunane er samde om det, jf Lov om IKS §32 og det er gjort vedtak i alle deltakarkommunane. Oppløysing skal handsamast i representantskapet. Møte i representantskapet må kallast saman med ein frist på 12 månader og 2/3 av medlemmane må vera til stades. Styret i selskapet er avviklingsstyre i oppløysingsåret. Kommunane heftar for framtidige pensjonsforpliktingar i samsvar med eigar- og ansvarsdel i selskapet.

Oppløysing av Hardangerrådet iks må godkjennast av departementet.

Toralv Mikkelsen
Styrelleiar

Astrid Dale Vindal
Nestleiar

John Skogseth
Styremedlem



Møtedato 13.12.2018

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 42/18 Selskapsavtale for utvida regionråd frå 01.01.2020

Saksvedlegg:

Revidert selskapsavtale.

Saksutgreiing:

Styret i Hardangerrådet iks har i styremøte 06.12.2018 gjort vedtak om å tilrå endring i selskapsavtalen sitt kapittel 5.

Dette kapittel har i den vedtekne nye selskapsavtalen overskrifta:

UTMELDING/OPPLØYSING.

Som følgje av saka om tilskot til eigenkapital ved innmelding av nye medlemskommunar føreslår styret at kapittel 5 vert utvida med ein ny paragraf som omhandlar innmelding.

Då vil kapittel 5 få overskrifta INNMELDING/UTMELDING/OPPLØYSING og omfatta paragrafane §18 - §20.

Revidert selskapsavtale ligg vedlagt saka og endringane er merka med raud tekst.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet godkjenner endringar i kapittel 5 i revidert selskapsavtale for Hardangerrådet frå 01.01.2020.



SELSKAPSAVTALE FOR Hardangerrådet iks

KAPITTEL 1

FØREMÅL OG LOKALISERING

§ 1 Selskapet sitt namn, føremål og føresetnader

Selskapet sitt namn er Hardangerrådet iks.

Virkeområde for selskapet er Hardanger og Voss.

Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap, oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.01.1999 nr 6, med kommunane Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss som deltakarar. Deltakarkommunane representerer eit areal på 8.074 km² som utgjer ¼ av Vestland fylke. Pr. 2018 hadde regionen 37.305 innbyggjarar som representerer omlag 6% av innbyggjartalet i Vestland fylke

Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid.

Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

§ 2 Målsetjingar

Hovudmålet med det interkommunale samarbeidet er:

1. Å klarleggja og nytta ut naturlege og menneskelege ressursar og føremoner i regionen for å vidareutvikla området næringsmessig, sosialt og kulturelt.
2. Å styrkja identiteten i regionen ved å utvikla samarbeidsformer mellom kommunane, næring, skule, kultur og helse.
3. Å gje felles fråsegner på vegne av kommunane overfor fylke og sentrale styresmakter, i saker der dette er naturleg.
4. Aktiv oppfølging av fylkesplanar og fylkesdelplanar.
5. Pådrivar for å fremja viktige regionale saker overfor styresmakter på fylkes- og statleg nivå.
6. Arbeida for at regionen vert tilført statlege og fylkeskommunale ressursar.
7. Arbeida aktivt for å lokalisera ny aktivitet inn i regionen.

§ 3 Lokalisering

Selskapet har hovudkontoret sitt i Kinsarvik.

KAPITTEL 2 ORGANISERING OG STYRING

§ 4 Eigar- og ansvarsdel.

Selskapet hadde ved stiftinga innskotskapital på 100.000 kroner.

Kommunane sin eigar- og ansvarsdel i selskapet er fastlagd slik:

20% av total kontingent vert fordelt likt mellom medlemskommunane. Resterande 80% vert fordelt i samsvar med folketal. Det gjev slik fordeling mellom medlemskommunane:

Eidfjord	6%
Kvam	22%
Ullensvang	28%
Ulvik	7%
Voss	37%
SUM	100%

Eigardelen og deltakaransvaret kan justerast kvart 4. år i samsvar med endringane i folketalsutviklinga i kommunane, første gong pr 01.01.2024. Slik justering krev endring i selskapsavtalen.

Kommunane heftar uavgrensa for sin prosentdel av selskapet sine plikter.

§ 5 Organisasjon

Hardangerrådet iks sine organ er representantskapet, styret, dagleg leiar og klagenemnd.

Hardingtinget, Hardangerrådet iks og Rådmannsforum er politiske og administrative einingar som Hardanger og Voss regionråd iks har utøvande sekretærfunksjon for.

§ 6 Representantskap.

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Representantskapet er til ei kvar tid ordførarane i regionrådet. Representantskapet skal sjå til at selskapet vert drive etter føremålet i samsvar med lover og denne selskapsavtalen.

Dagleg leiar og styreleiar tek del i møta i representantskapet med tale- og framleggsrett. Styreleiar har møteplikt jfr. IKS-lov §9 6. ledd.

Representantskapet skal halda minst 1 møte i året. Dette møtet er årsmøte for Hardangerrådet iks. Andre møter følgjer IKS-lov §8, med unntak av at innkalling til møte følgjer møteplan for regionrådet. Sakliste framgår av sakliste til møte i regionrådet, spesifisert kva saker som gjeld representantskapet.

Saker etter Lov om IKS skal meldast med 4 veker frist.

Årsmøte:

Årsmøte i Hardangerrådet iKS skal haldast innan utgangen av april og er vedtaksført når minst 4 av kommunane er representerte med ordførar eller varaordførar.

Årsmøtet skal handsama saker i tråd med lov og denne selskapsavtalen:

1. godkjenna årsmelding
2. godkjenna revidert rekneskap for siste år
3. godkjenna budsjettet for komande år
4. godkjenna arbeidsplan
5. godkjenna den 4-årig økonomiplanen
6. velja styre med varamedlemmer
7. velja styreleiar og nestleiar i styret
8. velja rekneskapsførar og revisor
9. handsama andre saker som styret har lagt fram
10. avgjera fullmakter til styret
11. fastsetja godtgjersle til styret

Sakshandsaming og avstemmingar følgjer av IKS-lov §9.

§ 7 Regionråd

Regionrådet er samansett av ordførarane og i eigarkommunane med varaordførar som personleg vararepresentant. Rådmennene har møte- og talerett i regionrådet. Rådmennene peikar sjølve ut sin vararepresentant for perioden. Det er høve til å møta i regionrådet med fullmakt frå kommunen/heradet.

Regionrådet vel sjølv rådsordførar og rådsvaraordførar for to år om gongen.

Det skal haldast minst 4 møte i regionrådet kvart år. Det eine møtet skal haldast innan utgangen av april og skal vere årsmøte.

Regionrådet er vedtaksført når minst 4 av kommunane er til stades. Ved røystelikskep er leiaren si røyst avgjerande.

Rådsordføraren kan kalla inn andre til møta når han/ho finn det føremålstenleg for sakshandsaminga. Desse kan gje opplysningar og utgreiningar, men har elles ikkje høve til å ta del i drøftingane.

Rådet skal ta initiativ til å fremja intensjonane i §§ 1-2 og til å drøfta saker av sams interesse.

Regionrådet er samordningsinstans for dei utvala og aktivitetane som regionrådet femner om. Rådet kan på einskildområde setja ned eigne rådgjevande fagutval.

Regionrådet har møte etter ein oppsett årleg møteplan eller når rådsordførar eller 2 av kommunane krev det. Rådsordførar kallar inn regionrådet etter den fastlagde møteplanen som er å sjå på som innkalling til møte innafor 4 vekersfristen i lov om IKS. Møteplanen kan fråvikast når det er semje i regionrådet om det.

Sakliste til kvart møte vert sett opp av rådsordførar. Regionrådet sjølv avgjer å ta opp saker som ikkje kan venta til neste møte.

§ 8 Styre.

Styret i Hardangerrådet iks skal vera samansett av 3 personar med 2 varamedlemmer. Styret vert valde av representantskapet og for 2 år om gongen. Varamedlemmer vert valde for eitt år om gongen. Styret er vedtaksført når 2 medlemmer er til stades. Styreleiar kallar inn til møta og set dagsorden.

Styret skal sjå til at selskapet vert drive etter lover og denne selskapsavtalen. Styret skal sørge for ein forsvarleg formuesforvaltning og føra tilsyn med dagleg leiar.

Rådsordførar har møte- og talerett i styremøter

Dagleg leiar er sekretær for styret.

§ 9 Hardingtinget

Hardingtinget er eit samarbeidsorgan i regionrådet og er samansett av formannskapa i eigarkommunane. Hardingtinget skal heldast minst 1 gong i året. Rådsordførar er leiar i Hardingtinget med rådsvaraordførar som nestleiar.

§ 10 Dagleg leiar

Selskapet skal ha ein dagleg leiar som har ansvaret for dagleg leiing i tråd med § 14 i Lov om IKS.

Styret tilset dagleg leiar.

Styreleiar utøver arbeidsgjevarfunksjonen overfor dagleg leiar.

Dagleg leiar sine oppgåver:

- Ansvarleg for dagleg drift, personale og budsjett/rekneskap for heile organisasjonen.
- Hovudansvaret for informasjonsstrategien i organisasjonen.
- Sekretær for representantskapet, styret og regionrådet i og andre utval tilhøyrande regionrådet.
- Samordna arbeidet og førebu saker til regionrådet og styret.
- Setja i verk vedtak fatta av regionrådet og styret.
- Ansvarleg for oppfølging av utviklingsplan, tiltaksarbeid og prosjektarbeid.

§ 11 Arbeidsgjevarfunksjonen

Styret har arbeidsgjevaransvaret for alt personale tilsett i rådet. Dagleg leiar utøver den daglege arbeidsgjevarfunksjonen på vegne av styret.

§ 12 Budsjett/driftsutgifter

Representantskapet vedtek innstilling om neste års budsjett som vert sendt til kommunane innan utgangen av august månad. Representantskapet er budsjettansvarleg.

Representantskapet har fullmakt til å føreta budsjettreguleringar innanfor vedteke budsjett og til å styrke budsjettet ved bruk av inntekter ut over det budsjetterte. Representantskapet kan gje budsjettfullmakter til styret. (Jfr. IKS-lov §18)

Hardangerrådet iks sitt budsjett skal dekkja:

- Dagleg drift
- Finansiering av prosjekt/tiltak i regionen. Rådet kan ikkje setja i gang tiltak som fører med seg større økonomiske plikter enn det inntektene gjev grunnlag for.
- For store prosjekt skal det utarbeidast eigne budsjett, som skal godkjennast av rådet og kommunane/herada dersom det ikkje er dekning på rådet sitt budsjett.

Reiseutgifter og anna godtgjersle for kommunale representantar i regionrådet sine organ og i prosjektarbeid vert dekkja av den einskilde kommune, dersom anna ikkje er avtala.

Reiseutgifter og godtgjersle til styret og andre vert dekkja av Hardangerrådet iks, etter staten sine satsar.

§ 13 Selskapet sin representasjon.

Styret representerer selskapet utad og teiknar firmaet.

Styret kan gje rådsordførar og/eller dagleg leiar rett til å teikna selskapets firma.

Dagleg leiar representerer selskapet utad i saker som fell under myndet etter Lov om iks § 14.

KAPITTEL 3

SAKSHANDSAMINGSREGLAR OG KOMMUNANE SINE PLIKTER

§ 14 Selskapet si klagenemnd

Klage i enkeltvedtak i Hardangerrådet iks vert avgjorde av ei klagenemnd samansett av leiar/medlem i klagenemnd/klageorgan i dei 5 eigarkommunane. Funksjonane som leiar og nestleiar i klagenemnda følgjer perioden og kommunen/heradet som til ei kvar tid har rådsordførar og rådsvaraordførar.

§ 15 Sakshandsaming

Hardangerrådet iks følgjer sakshandsamingsreglane i samsvar med føresegnene i kommunelova kapittel 6 - sakshandsaming i folkevalde organ.

§ 16 Økonomi/finansiering

Selskapet fører rekneskap etter rekneskapslova.

Representantskapet vel revisor. (Jfr. IKS-lov §28)

Selskapet sitt årsbudsjett vert sett opp slik at det gir eit realistisk bilete av drifta av verksemda. Deltakarkommunane forpliktar seg til å gje tilskot til selskapet etter eigarandelane i denne selskapsavtalen. Årsbudsjettet er endeleg når kommunane har gjort vedtak om tilskot etter kommunelova § 45 nr 4.

Tilskot frå kommunane vert å betala i to terminar à 50%, 15. januar og 15. juni

Selskapet kan ikkje ta opp lån frå andre enn eigarkommunane.

Selskapet kan ikkje stilla garanti eller pantsetja eigedeler.

KAPITTEL 4

GYLDIG SELSKAPSAVTALE

§ 17

Hardangerrådet iks sin selskapsavtale er gyldig når han er godkjend av kommune-/heradstyra i dei 5 deltakarkommunane. Endring av avtalen som gjeld forhold som omtalt i Lov om IKS § 4, tredje ledd, skal skje på same måte. Andre endringar vert gjort av Representantskapet i tråd med Lov om IKS § 4 andre ledd, andre punktum.

KAPITTEL 5

INNMELDING/UTMELDING/OPPLØYSING

§18 Innmelding

Innmelding av nye kommunar i Hardangerrådet iks skal godkjennast av rådet og vedtakast med minst $\frac{2}{3}$ fleirtal.

Ved innmelding av nye kommunar i Hardangerrådet iks skal den nye medlemskommunen ved innmeldinga betala eit tilskot til eigenkapitalen. Tilskotet skal vera i samsvar med eigar- og ansvarsdelen i selskapet. Kvar %-eigardel utløyser innbetaling på kr 1.000 i 1989-verdi. Beløpet skal justerast til noverdi i samsvar med konsumprisindeksen (kpi).

Selskapet sin revisor fastset eigenkapitalen på grunnlag av det siste rekneskapet, justert fram til tidspunktet for deltaking i selskapet.

§ 19 Utmelding

Den einskilde deltakarkommune kan med eit års skriftleg varsel seia opp sitt deltakartilhøve i Hardangerrådet iks i tråd med Lov IKS § 30.

Oppseiingsfristen på eit år gjeld frå 31.12. det året oppseiinga finn stad. Kommunar som melder seg ut, har plikt til å betala deltakartilskot inntil utmeldinga er effektiv.

Utmeldt kommune heftar for framtidige pensjonsforpliktingar i samsvar med eigar- og ansvarsdel i selskapet.

§ 20 Oppløysing

Hardangerrådet iks kan oppløysast når deltakarkommunane er samde om det, jf Lov om IKS §32 og det er gjort vedtak i alle deltakarkommunane. Oppløysing skal handsamast i representantskapet. Møte i representantskapet må kallast saman med ein frist på 12 månader og $\frac{2}{3}$ av medlemmane må vera til stades. Styret i selskapet er avviklingsstyre i oppløysingsåret. Kommunane heftar for framtidige pensjonsforpliktingar i samsvar med eigar- og ansvarsdel i selskapet.

Oppløysing av Hardangerrådet iks må godkjennast av departementet.

Vedteke i Hardangerrådet 13.12.2018

Stadfesta vedtak:

Eidfjord kommunestyre	xx.yy.2019 Ordførar
Kvam heradstyre	xx.yy.2019 Ordførar
Ullensvang kommunestyre	xx.yy.2020 Ordførar
Ulvik heradstyre	xx.yy.2019 Ordførar
Voss heradsstyre	xx.yy.2020 Ordførar



Møtedato 13.12.2018

Saksansvarleg Jostein Eitrheim

HR-sak 43/18

Søknad frå Visit Hardangerfjord om omdisponering av kraftlinjemidlar avsett til reiselivstiltak.

Saksvedlegg:

Søknad frå Visit Hardangerfjord (VHF)

Saksutgreiing:

Visit Hardangerfjord har sendt søknad til Hardangerrådet om å få omdisponera avsette kraftlinjemidlar på kr 800.000 til aksjekjøp i Seaways (båtruta Bergen - Newcastle) til delfinansiering av prosjekt for styrking av Hardanger som reisemål og auka heilårsturisme til regionen.

Sjå vedlagte søknad.

Adm.dir i VHF, Andreas Skogseth vil orientera om søknaden og prosjektet samt svara på spørsmål frå rådet i møtet 13.12.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet godkjenner at avsette kraftlinjemidlar på kr 800.000 til aksjekjøp i Seaways vert omdisponert til VHF-prosjekt:

- Rebrand Hardanger
- Innhaldsproduksjon/content i Hardanger
- Kartlegging av dagens turistar i Hardanger

i samsvar med søknad.

Løyvinga føreset at Hardangerrådet vert haldne løpande orientert om framdrifta i prosjektet. 50% av løyvinga vert utbetalt ved prosjektstart og 50% etter mottak av sluttrapport.

Til:
Hardangerrådet

Dato: 04.12.2018

Fra:
Visit Hardangerfjord AS

Søknad om tilskudd til Visit Hardangerfjord AS

Søknadsbeløp: kr. 800.000,-

1. Kort beskrivelse

Visit Hardangerfjord AS (VHF) ønsker å styrke Hardanger som reisemål og bidra til økt helårsturisme i Hardanger. Reiselivsbransjen som helhet er i endring og turistene finner i stor grad informasjon om aktuelle reisemål tilpasset sitt segment og sin nisje via mobiltelefon, i digitale kanaler gjennom søk og sosiale medier. Visit Hardangerfjord AS (VHF) vil gjennomføre endringer i eksisterende strategi og handlingsplan, for å tiltrekke flere turister gjennom digitale flater og gjennomføre tiltak for å tiltrekke flere turister til Hardanger hele året samt støtte opp under bedrifter i regionen som ønsker satse på helårsturisme.

VHF vil oppdatere dagens merkevare og markedsførings-plattform herunder web-løsning for å skape bedre synlighet på digitale flater. Videre vil Visit Hardangerfjord AS gjennomføre kartlegging blant medlemmene for å avdekke behov og ønsker for fremtiden og det vil bli gjennomført omfattende analyse av turisttrafikken i Hardanger samt kvalitative og kvantitative undersøkelser blant turistene i Hardanger for å optimalisere handlingsplan og øke antall turister til Hardanger hele året.

Kostnadsrammen for prosjektet er budsjettert til cirka 1,6 millioner kroner. For å gjennomføre nevnte tiltak søker VHF Hardangerrådet kr 800.000,- i støtte over en 1-års periode.

2. Prosjektbeskrivelse

VHF vil løfte Hardanger som helårs reisemål gjennom følgende tiltak:

1. Rebrand Hardanger.

VHF ønsker konseptualisere merkevaren Hardanger i større grad. Hardanger + Trolltunga, Hardanger + Cider og lignende konsepter. Dette for å treffe målrettet og kutte antall klikk, noe som vil skape større avkastning for medlemmene i VHF. Videre er dagens merkevare moden for oppdatering. Videre må den tilpasses til digitale formater herunder video og sosiale medier. Det eksisterer heller ingen merkevarehåndbok, dette må etableres og oppdatert merkevare må settes i kontekst med et mal-verk tilpasset flere format og formål.

2. Innholdsproduksjon/content i Hardanger.

Mye av inspirasjon til reiser foregår via mobiltelefonen og i stor grad via levende bilder. VHF ønsker starte et kontinuerlig innholdsproduksjons-prosjekt der en fokuserer på historier fra Hardanger. Dette skal gjenspeile hele regionen, både fyrtårn og mangfold samt løfte frem kvalitetene også om høst, vinter og vår. For å komme i gang, etablere

rigg og kompetanse i organisasjonen, inngår innholdsproduksjon i denne søknaden.

3. Kartlegging av dagens turister i Hardanger.

For å kunne tiltrekke flere turister hele året til regionen må vi vite mer om dagens turiststrømmer og videre hvorfor og hvordan de besøker Hardanger. Hvor kommer de fra og hvordan fant de informasjon om Hardanger? Hva har vi som skiller oss fra nasjonale og internasjonale konkurrenter? Hva skal til for at turistene kommer tilbake til Hardanger? Dette er relevant informasjon i en prosess hvor VHF endrer både strategi og handlingsplan. Videre kan dette gi verdifull informasjon om hvordan vi skal rigge reiselivet i fremtiden for økt helårsturisme og lønnsomhet. Kartleggingen vil bli gjennomført av anerkjent analysebyrå, der nye og eksisterende målemetoder tas i bruk. Mobil-basestasjoner og spørreundersøkelser på knutepunkter i Hardanger skal avdekke funn ikke tilgjengelig fra eksisterende data. En slik omfattende analyse er kostbar og kan ansees som en ekstraordinær aktivitet og inngår følgelig i denne søknaden.


2. Prosjekt mål og resultat

1. Oppdatert merkevare for reiselivet Hardanger gjort tilgjengelig for alle samarbeidspartnere ved publisering av merkevarehåndbok for både trykte og digitale/animerte flater samt en rekke konsepter tilpasset de ulike reiselivsfyrtårn i Hardanger.
2. En database med variert innhold/content tilpasset ulike digitale format som reflekterer hele Hardanger som reiselivsregion. Dette skal gjøres tilgjengelig for medlemmer og samarbeidspartnere som turoperatører og presse og vil samtidig utgjøre en viktig del i nye digitale kampanjer.
3. Ferdigstilt analyse levert av 3.part som dokumenterer turiststrømmer i Hardanger og annen relevant kvantitativ og kvalitativ informasjon om turistene i Hardanger, gjort tilgjengelig for samarbeidspartene og medlemmer.

Budsjett

Aktivitet	VHF	Hardangerrådet	Total
Rebrand	200.000,-	200.000,-	400.000,-
Innholdsproduksjon	300.000,-	300.000,-	600.000,-
Kartlegging og analyse	200.000,-	200.000,-	400.000,-
Testmarkedsføring helårsturisme nye segment nye kanaler	100.000,-	100.000,-	200.000,-

Sum			1.600.000,-
------------	--	--	--------------------



Møtedato 13.12.2018	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 44/18 Midlar avsett til Hardanger Ungdomsråd og aktivt ungdomsarbeid

Saksvedlegg:

Hardanger Ungdomsting 2018

Aktivitetshelg 2017

Artikkel i Framtida.no om Hardanger Ungdomsråd sitt besøk til Stortinget 4.12.2018

Saksutgreiing:

Hardanger Ungdomsråd (HU) er aktive, engasjerte og samlande. Vi viser til det som er gjort dei siste åra i regi av Hardanger Ungdomsråd og ber om at kr 200.000 vert overført for utført arbeid og vidare satsing.

Mellom anna var HU den 4.12.2018 i Oslo, etter invitasjon frå Kjersti Toppe, for å vitja Hordalandsbenken på Stortinget. Der tok HU opp krav om å få lovfesta responstid for ambulanse, slik det er for brannutrykningar.

Framlegg til vedtak:

Hardangerrådet støttar aktivt ungdomsarbeid i regionen gjennom Hardanger Ungdomsråd og løyver kr 200.000 for utført arbeid og vidare satsing. Midlane vert dekkja gjennom avsett løyving i Kraftlinjefondet, øyremerka ungdomsarbeid.

Hardanger UngdomsTING 9.3.2018 i Granvin

Hjarteleg velkomen til Granvin!



For å vera med å påverka framtida er det er viktig å delta!
Det er ungdom som er ekspert på å vera ung i dag.



Korleis kan ungdom påverka endring? Kva måtar kan ein fremja ei sak på? Korleis kan ein snakka på vegne av andre? F.eks:

- De kan ta opp saka om ambulanse i Ungdommens fylkesting.
- Fremja eit innbyggjarinitiativ
- De kan samla inn underskrifter
- De kan snakka med dei folkevalde
- Ungdom kan ta del i politisk parti
- Det kan forsterka å visa fram kor mange saka er viktig for, det kan vera viktig for å verta synleg og verta høyrte på
- Å visa til framtidige løysingar kan vera viktig for saka og måloppnåing.



Innlegg ved Kjersti i Toppe:

Ho er veldig glad for at ungdom i Hardanger er opptekne av Ambulanse og helsetilbud i Hardanger. Kvifor er denne tenesta viktig? Alle i heile landet skal ha likt helsetilbud. Me er heldige for at det skal vera slik i samfunnet vårt, at det skal vera likt for alle.

Når me ser at tilbudet ikkje er der, då må me reagere. Me må kjenne på tryggleik i lokalsamfunnet, og me må vera trygge på at me får den hjelp me skal ha. Det er Ambulanse, Politi og Brann som gjera at me kjenner oss trygge. Helsetilbud er delt mellom stat og kommune. Kommunane har ansvar for legevakt og fastlegeordninga. Ambulanse har sjukehusa ansvar for, dvs det er staten og sjukehusa som har myndigheit til å gjera noko.

Det har vore ein sentralisering av ambulanse, som har resultert i eit dårlegare tilbud i distriktet. Dette har skjedd over heile landet. Samstundes har det vore ein parallell sentralisering av alle akutt tilbud, dvs lokalsjukehusa og legevaktordninga, dette er me bekymra for. Kuttar ein lokalsjukehuset, så burde ambulanse verta styrka.

Responstid: HU har skreve brev til direktøren i Helse Bergen og spurt kvifor ein skal akseptera eit dårlegare tilbud i Hardanger. I heile landet har Ambulanse problem med å oppfylle desse krava. Ambulanse seier at dei har fått det travelt, fordi, dei ha fått mange fleire oppgåver. Det har vore ein diskusjon om fast responstid på stortinget, noko Kjersti Toppe ønskjer, men som det pr dags dato ikkje er fleirtal for.

Dersom ein er opptekne av å vera trygge, så er ambulanse det ein tenkjer på, men legevakta er også veldig viktig. Me må spørja oss om me har ei god legevaktsordning, som også har vore offer for sentralisering? Dei skal koma ut før ambulansen eigentleg. I Hardanger er det i dag kun legevakt i Odda, Kvam og på Voss etter kl 1600 på kvardagar og helgene. Dette sett saman med færre ambulansar, vil sei eit dårlegare tilbud enn før.

First Responder er eit tilbud som er bra, men dette må kommunane betala i dag. Og her kjem diskusjonen om kven som skal betala for eit tilbud der ansvaret som er delt mellom stat og kommune.

Hugs også kor viktig **fyrste hjelp** er: Ungdom er ei viktig gruppe, og de representerar ungdom i Hardanger. Helse og livreddande aktivitet startar heilt der ute som folk bur og arbeider. Veit DE kva de skal gjera då? Kan de **fyrste hjelp**? Dette må alle kunna.

No vert det arbeid med nye læreplanar. De kan vera med å påverka og sei at **Fyrste hjelp** må vera del av ny plan.

Innlegg ved First Responder Samnanger:



Kvifor har dei denne tenesta?

Fordi dei mista både ambulansen og legevakta vart flytta til Os. Då stod dei uten lokal teneste med stort ansvar for innbyggjarane og gjester på Kvamskogen.

Denne tenesta må dei betala sjølve, men det gjer at innbyggjarane kjenner seg sikra og dei får hjelp fortare.

Debatt om ambulansetenester mm



Gruppe 1

Spørsmål: Kvifor skal ambulanse flyttast frå Eidfjord?

Svar frå Ambulanse: Det er ikkje bestemt, men er del av ei løysing. Men dette er for å nå fleire på kortare tid.

Spørsmål: Kva kan ungdomen gjera: senda mange sinte brev til Stortinget

Svar frå Kjersti Toppe: Frå Hordaland er det 16 stykker som sit på Hordalandsbenken. Dei har 1 gang i måneden åpen tid då kan kven som helst av organisasjonar koma inn og få møta dei, der kan Hardanger ungdomsråd koma inn og fortelja kva dei meier!

Dette er eit godt tips til Hardanger Ungdomsråd. Reis til Oslo, eller skriv brev.

Gruppe 2

Ambulanse er veldig viktig. Me vil ha den i Eidfjord. Hardangervidda har mange ulukker og kan ha vanskeleg føre på vinteren, og om sommaren er det mange turister
Ber om at HU sender inn dette forslaget inn til Helse Bergen.

Korleis ein kan løysa dette?

HU har allerede sendt fleire brev. Trur at me berre må pusja på vidare, og så går det an å få underskrifter. Men me må ta det vidare! Meiner at no må politikarane høyra på ungdommen. Me diskuterte dette i fjor også. Kan Oda Medhus og Marte Kristoffersen, som representantar for Hardanger i UFU, ta dette opp der? Veldig mange i Bergen som ikkje er klar over korleis det er i utkantante. Det er også tett samarbeid med UFU Hordaland og UFU Sogn og Fjordane. Denne saka er aktuell mange stader i landet, kanskje HU kan snakka med fleire.

Gruppe3

Spørsmål: Lurar på om alle er like mye verdt. Korleis kan dei spara pengar på landsbygda, når alle er like mye verdt.

Svar: Eg har kjørt sjukebil i 28 år. I dag er kvar bil mykje betre utstyrt. Kva erfaring har ein når ein kjem seinare fram. Responstid vert lenger når ein har færre bilar, men betre utstyrt gjer at ein får betre tenester når bilen er der. Det er eit samarbeid mellom stat og kommune.

Spørsmål: Kven betalar for first Responder. Kommunen betalar lønn, Helse Bergen held bil(ein gammal)

Svar frå Kjersti Toppe: De spør veldig gode spm. Kvalitet, kunnskap og utstyr har blitt veldig mykje betre. Den hjelp ein får når ambulansen kjem fram er velig mykje betre enn før. Men så er det det som ein kjenner på. Og det har vore mykje fokus på å oppdatera utsyr, som har gått utover responstid. Kva har den balansen å sei for oss idag. Har denne balansen tråkka over? Er responstida vorte for lang, slik at tilbudet er forringa.

Dialog:

- Må ikkje gløyme legevakt tenesta. På dagtid er legevakt også del av tilbudet.
- I Ulvik er denne tenesta vekke etter kl 1600. I Granvin er det ikkje bemanna,
- Kva med Ambulanseutdanninga? Må ha fokus på at den vert meir tilgjengeleg
- Det er ikkje spørsmål om det har gått for langt. Det har gått for langt, ikkje godt nok!

Gruppe 4

Kvifor er saka så viktig. Jo fordi mange kommunar har eit veldig dårleg legevakttilbud. Då vil ambulansen vera ei trygghet. Me på bygda vil ha like godt tilbud som dei i byane.

Arbeidet vårt er også ofte meir utsett enn til dømes kontorarbeid.

Ei god løysing her er først og fremst: **Ikkje legg ned ambulansen i Eidfjord!** Og me vil ha og arbeida for lovpålagt responstid, då vert tilbud likt.

Sjølvsagt koster det pengar, men det er betre det kostar pengar enn det kostar liv. Liv er viktigast

Svar frå Kjersti Toppe: Eg er for dette, men pr no er det ikkje fleirtal for lovpålagt responstid i Stortinget. Oppfordrar dykk å koma til Stortinget og sei det sama!

Gruppe 5

Mykje kritikk her, men denne gruppa vil også påpeika at det vert gjort veldig mykje bra. Og slik dei har løyst Ambulanse ved det store prosjektet i Deildo er utmerka!

Spørsmål: Korleis var det før og etter Frist Responder i Samnager?

Svar: F.eks før vart brannvesenet kalla ut på ein del tenester uansett, og dei redda liv. Men uten kunnskap, så kunne ein risikera at ingen kunne hjelpa, og så var dei opptekne.

Det som er greit dem First Responder er at dei kjem fort fram, kan vera beroligande, dei gjer ei trygghetskjensle, og dei kan utføra første hjelp. Det er eit veldig godt tilbud og samarbeid.

Gruppe 6

First Responser er raskt framme, og første hjelp er bra. Ambulanse gjev trygghet.

First Responder gjev ialle fall like god teneste som den gamle ambulansen gjorde, men det er ein balansegang på kor langt ein kan strekka det med å ta vekk ambulansen.

Svar frå Kjersti Toppe: I desse store utredningane veit ein at i dag er det ikkje eit likeverdig tilbud på akutt tenester rundt i landet. Me må sørge for at dette blir betre.

Me må stoppa sentraliseringa som har føregått på sjukehus, legevakt og ambulanse. Det som de tek opp er veldig reelt, og dette er eit ansvar som Stortinget har og må ta! Eg er også veldig glad for at de ikkje set ambulanse i Eidfjord opp mot ambulanse i Ulvik. For dette kostar pengar, og det må vera fornuft. Beredskap vil aldri lønna seg. First Responder må aldri koma som erstatning for anna teneste. Men den er og kan vera ei kjempe god tilleggsteneste.



Hardanger etter 2020

Hardanger Ungdomsråd meiner at Voss må vera del av Hardanger, kva vert forskjellen på om Voss er med eller ikkje? Kva kan me laga ilag?

Kva vil kommunesamanslåinga ha å sei for ungdommen?

Gruppe 1

Håpar det vert ein styrke, at ein får vera både samla og kvar for seg i Granvin og på Voss. Har ungdom tek aksjon for korleis dei vil ha det i framtida. Korleis kan Granvin ta vare på ungdomskultur og aktivitet i Granvin. Kan dei ha ungdommens heradsting på Voss?

Gruppe2

Viktig at ungdom er engasjert og at ein får representantar for alle bygdene i dei nye kommunane. **Granvin ønskjer fortsatt ha ein representant inn i Hardanger ungdomsråd. Viktig for Granvin å ha med seg Hardangeridentiteten i framtida.**

Ungdom kan bli påverka med samanslåing av skular, kulturskule osv. Vert dette sentralisert, så må det organiserast godt. Trur ikkje på fleire ungdomsråd i ein ny samanslått kommune, men at alle bygdene vert representerte i dei nye ungdomsråda. Me er Hardingar og det vil me fortsetja å vera. Samanslåing vil gje nye moglegheiter, men også ta bort noko.

Gruppe 3

Me vil bevara dei gamle ungdomsråda, men tenkjer at det vert vanskeleg å rekruttera. Bliar f.eks Granvin IL og Voss IL slått saman? Vil det bli slik at idrettslaget vert lagt ned i Granvin? Replikk: På Voss er det mange idrettslag, trur ikkje det kjem til å skje.

Gruppe 4

Ullensvang sitt standpunkt kan munna ut i eit økonomisk problem. Kulturskuletilbodet vert større, men det vert lengre reise og litt meir kronglete. Møteplassar kan verta nedprioritert.

Ungdomsrådet trur ikkje ein kan behalda dei gamle råda i nye Ullensvang kommune, men vil at alle bør vera representerte.

Gruppe 5

Dei som ikkje er i ein prosess med å slå seg saman, synes det er vanskeleg å meina noko.

Gruppe 6

Nokon er tydeleg på at dei ikkje så mykje fint å sei om samanslåinga. Korleis vil det påverka oss? Er dette endringar som vil sei at me legg ned oss sjølve?

Kulturskuletilbodet: Korleis blir det? I dag er det f. eks ingen ventetid på kulturskulen, og avstandar er ikkje så lange.

Skulestruktur: Håpar at det vert oppretthalde. Det er for langt å reisa til Odda for alle.

Ungdomsråd: ein må finna eit system der alle bygdene vert representert.



Oppsummering:

Takk for ein gjevande og spennande dag med ærleg debatt.

Budskap uten innpakking.

Engasjert ungdom

Blir spennande om me kan lukkast med ein tur til Hordalandsbenken, og ta imot invitasjonen.

Hardanger er i ei brytningstid. Det vert spennande.

Referat av Trude L. Rinaldo



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!



AKTIVITETSELG

1.-3.

SEPTEBER

2017 I ODDA

PROGRAM & PÅMELDING

REGISTRERING STARTER

VELKOMMEN!


16:30





ODDA

isklar



UNGT
ENTRE
PRENØR
SKAP
HARDANGER



FREDAG 01.september

- 16:00 Innsjekken åpner
- Tyssohallen i Tysedal
- 18:00 Grilling ved bål
- 19:30 Kahoot quiz!
- 20:30 Ute kino – «Unge Lovende»

LØRDAG 02.september

- 09:30 Frokost
- 10:30 Næringsbesøk
- 13:00 Valgfrie aktiviteter
- > Kajakpadling
- > Klatre Via Ferrata
- > Fotokurs
- > Fotballturnering
- 18:00 Middag
- 20:00 Konsert

SØNDAG 03.september

- 09:30 Frokost
- 10:30 Paintball



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

AKTIVITETSHELG

1.-3.

SEPTEBER

2017 I ODDA

PROGRAM & PÅMELDING

DISTRIKTSPOLITIKK

Krev lovfesta responstid for ambulanse: – Det står om liv og død

Hardanger ungdomsråd meiner det er sprøtt at det ikkje får konsekvensar når ambulansen brukar dobbelt så lang tid som anbefalt.



ANDREA RYGG NØTTVEIT
torsdag 6. desember 2018 14.01

– Det er mange døme på at responstida har vore på både 50 og 60 minutt. Då står det om liv og det er ikkje akseptabelt, seier avtroppande leiar i Hardanger ungdomsråd Tiril Eiken (18).

Framtida.no møter Hardanger ungdomsråd på veg inn på Stortinget tysdag denne veka. Der skal dei møta Hordalandsbenken for å snakka om ambulansetenesta i distrikta, som dei er svært uroa for.

I mai skreiv ungdomsrådet eit brev til stortingsrepresentant Terje Breivik (V) der dei ber om at den anbefalte responstida for ambulansar vert lovfesta. Brevet vart òg sendt til Senterpartiets Kjersti Toppe, Helse Vest, Helse Bergen, Helse Fonna og alle ordførarane i Hardanger.

Den anbefalte responstida for ambulansane er i dag 25 minutt på bygda og 12 minutt i byen.

LES OGSÅ: NTNU ønskjer å utvikla ambulansedronar

Fryktar for rekrutteringa til barnnvesenet

– Om ulukka først er ute, så veit ein jo ikkje kor lengje ein må sitja der med den skadde og venta på at ambulansen skal koma, seier Oda Medhus (15) frå Eidfjord ungdomsråd.

Ho meiner ambulansen burde vere først på staden når det er personskadar, men det er sjeldan tilfelle i dag.

I 2015 innførte Politidirektoratet krav til responstid, som inneber at politiet sine hasteoppdrag ikkje skal bruka lenger enn 10-15 minutt i byar og 22-45 minutt før dei er på staden i griskrendte strøk.

I fjor slo leiaren i brannvesenets yrkesorganisasjon alarm om at brannvesenet ofte må gjere jobben for både politi og ambulansenesta, fordi dei kjem først. Til Dagbladet fortel Trond Busterud, leiar i Brannforbundet i Delta at det særleg er på helsebiten brannpersonell opplever at dei må ta større ansvar.

Hardanger ungdomsråd er uroa for at det kan gå ut over rekrutteringa til det ofte frivillig baserte brannvesenet i norske bygder.

– Det er eit veldig stort ansvar å påleggja frivillig brannvesen å koma først til ein ulukkesstad der det er snakk om liv og død, eller store kutt, seier Tiril Eiken.

Ho peikar òg på at god beredskap i distrikta er viktig på grunn av risikofylte arbeidsplassar, som til dømes bønder, skogbrukarar og fiskeoppdrett.

Senterpartiforslag

15. november i år behandla Stortinget eit representantforslag frå Senterpartiet om å forskriftsfesta responstida til 8, 12 og 25 minutt som er anbefalingane frå Akuttutvalet.

Forslaget fekk støtte frå KrF, MDG, Raudt og SV, medan Arbeidarpartiet saman med regjeringspartia Frp, Høgre og Venstre stemte imot.



Frå venstre: Elin Sneeggen, Emilie Viveli Tveit, Tiril Eiken, Bjørk Thorbjørnsen, Marte Kristoffersen, Oda Medhus og Hanne Eitrem møtte tysdag denne veka Hordalandsbenken på Stortinget.

Storingsrepresentant frå

Hordaland og nestleiar i helse- og omsorgskomiteen, Kjersti Toppe, var ein av representantane bak forslaget.

Ho meiner lovfesta responstid for ambulansane er veldig viktig for å hindra ei vidare sentralisering av tenesta.



– I dag er det rettleiande responstider for ambulanse. Problemet er at ingen helseføretak bryr seg særleg om dei. For det er knapt ein kommune der dei blir følgt opp. Verst meiner eg det er i distriktskommunar, der det også er lang veg til sjukehus. I Hardanger har dei merka denne saka, med nedlegging av ambulanse i Ulvik, Granvin, Jondal, svekka ambulanseberdskap i Kvam, og at ambulansen i Eidfjord er truga, skriv Toppe i ein e-post til Framtida.no.

Storingsrepresentant Kjersti Toppe (Sp) fekk ikkje fleirtal for lovfesta responstid for ambulansen, men håpar på ny runde med stortingsmeldinga om akuttberedskap utanfor sjukehus. Foto: Stortinget

Sjølv om dei ikkje fekk fleirtal for lovfesta responstider, vart det fleirtal for eit forslag om å få ei eiga stortingsmelding om akuttberedskap utanfor sjukehus.

– Eg håpar at forslaget om responstider vert tatt opp igjen då, at vi igjen kan prøve å få fleirtal for dette forslaget, avsluttar Toppe.

Les også: [Pia \(5\) samla inn pengar til hjartekompresjonsmaskin](#)

Flyttar ambulansane

Ungdomsrådet i Hardanger har jobba med denne saka over tre år fordi dei har sett på nært hald korleis ambulansar i nærområdet har vorte lagt ned og sentralisert.

I 2016 intervjuja [Bergens Tidende](#) ein bekymra ordførar, etter at ein pasient hadde døydd berre to veker etter at ambulansen vart

flytta frå bygda.

I fjor skreiv Avisa Hordaland at beredskapen i Ulvik kommune går feil veg. Avisa siterer ein rapport som viser at helsepersonell i Ulvik er lite nøgd med ambulansetenesta, fordi responstida er for lang. Om det er behov for ambulanse kjem denne anten frå Voss eller Eidfjord og ifølgje kommunen sine tal er utrykkingstida frå Voss 40 minutt.

Skeptisk til lovfesting

Venstrepolitikar Terje Breivik er skeptisk til ei lovfesting av dagens retningslinjer fordi Noreg ser så forskjellig ut frå plass til plass.

– Det er ikkje like framkomeleg over alt. Då kan det òg verta utfordrande å oppfylla lovkrava likt. Eg er òg usikker på behovet: I Noreg kan 98 prosent av oss nåast av ambulanshelikopter med lege innan 45 minutt. Målet frå 2000 er 90 prosent, så me ligg godt an, skriv Breivik i ein e-post til Framtida.no.

Han meiner det viktigaste me kan gjera, er å sørge for at dei retningslinjene me har fungerer, og vert følgde.



Storingsrepresentant Terje Breivik (V) vil ikkje lovfesta responstida for ambulansen, men vil jobba for at retningslinjene vert følgde slik at folk kjenner seg trygge på at dei får god hjelp, uansett kor i landet dei bur. Foto: Stortinget

– Difor er eg glad for at helseministeren har sagt at Helsedirektoratet er i gang med å gjennomgå responstidene. I tillegg skal me utgreie offentleg og ideell drift av luftambulansetenesta, som er viktig i mange distrikt kor vegane er for dårlege til at bilane kjem fram, understrekar Breivik.

Han peikar på at regjeringa har gjort responstid til ei nasjonal kvalitetsindikator, slik Akuttutvalet har anbefalt og at talet på ambulanser i drift har auka sidan 2015

ambulanstid i Ulvik har dukka seg 2018.

– I tillegg har me fått sjuketransportbilar nokre stadar som gjev mindre press på ambulansetenesta, slik at dei kan prioritera det som er akutt. Ifølgje OECD er norske resultat i verdstoppen når det kjem til behandling av akutt hjarteinfarkt og hjerneslag.

Vil ha kvantitet over kvalitet

Då Hardanger ungdomsråd hadde saka oppe på sist ungdomsting hadde dei besøk av ein representant frå Helse Bergen, som forklarte at dei har brukt pengar på å oppdatere ambulansane dei har framfor å kjøpa fleire.

– Dei tenkte kvalitet framfor kvantitet, men at dei har gode ambulansar hjelper jo ikkje om dei ikkje kjem tidsnok, meiner Oda Medhus, som får støtte av resten av ungdomsrådet.

Dei engasjerte ungdommane meiner grunnen til at responstida framleis ikkje er lovfesta er eit spørsmål om pengar, og Bjørk Thorbjørnsen (15) i Ulvik ungdomsråd er tydeleg i sin tale:

– Det er jo viktigare å spara liv enn å spara pengar. Det er betre at ein person vert redda, enn at me mistar så og så mange pengar, seier ho.



Frå venstre Bjørk Thorbjørnsen, Elin Sneeggen, Emilie Vivelv Tveit, Tiril Eiken og Marte Kristoffersen er klare for å presentera kravet sitt til Hordalandsbenken på Stortinget.

